

Diskusjonskveld 18. nov. 2024

Oppsummering av innspel frå foreldre, frå gjennomgang i plenum og innleverte svar frå gruppearbeida.

Tør vi la barna leike fritt, og kva skal til?

- Foreldregenerasjonen hadde mykje fri leik i eigen barndomen, men har vanskeleg for å gi eigne barn det same. Vi er så bekymra for det som kan gå gale.
- Det er stor variasjon i kor fritt foreldre lar barna leike. Kanskje tør vi ikkje la dei leike fritt, sjølv om vi trur det. Vaksne er ofte i nærleiken og følgjer med. Eller vi gir dei mobil eller smartklokke, -så kan dei gå kor dei vil, men blir spora og kan lett ringe heim.
- Føler vi foreldre at det er tryggare når dei har med seg mobil eller smartklokke? Kva gjer det med leiken og det sosiale at dei har mobil tilgjengeleg? Kva gjer det med evna til å ordne opp sjølv at mamma og pappa berre er eit tastetrykk unna?
- Foreldre er for redde for fysiske skader, men også for «følelsesmessige» skader, ubehag og krenking. Vi må lære oss å handtere vanskelege følelsar hos barna, så dei også lærer seg det sjølv. Ikkje beskytte dei, men lære dei å stå i det som er vanskeleg.
- Drep vi leikelysta fordi vi vil påverke i positiv retning? For mykje «rett og gale» i leik? For låg terskel for å «styre»?
- Barn skal vere spontane, og det inneber også å vere «rampete». Gjer vi dei for forsiktige med å påføre dei tanke på negative konsekvensar? Gjer vi rammane deira for snevre?

Kva skal til for at vi skal sleppe dei meir laus i fri leik?

- Vi må bygge gode nabolag og nettverk, med tryggleik mellom vaksne, mellom barn og mellom barn og vaksne. Dette kan gjere det lettare å sleppe ungane på laust ute, fordi vi veit det finst vaksne som bryr seg om noko skulle skje.
- Vi må tørre å slå av ein prat med andre sine barn, og tørre å gripe inn om ein ser noko! Vi må skape ein kultur der det er vanleg å bry seg!
- Dialog mellom foreldre i nabolag og klassar, kjenne og vere trygge på kvarandre. Bruke naturlege arenaer til å snakke i lag: trening, foreldremøte, dugnad etc.
- Barna kan bli med kvarandre heim, så vi blir betre kjent med kvarandre sine barn, og dei med oss. Det er godt for barn å bli kjent med dei vaksne i nærmiljøet, så dei tør å snakke med dei.
- Foreldreinitierte sosiale samlingar for foreldre og elevar på skulen sin arena.
- Foreldre kan invitere og legge til rette, og la ungane styre seg sjølv. Fasilitere leik utan å styre det.
- Vaksne må vere med i leiken, ikkje stå å passe på!

- Foreldra sin kompetanse kan nyttast til fellesskapet: skibuss, bakedag etc. Bidra med noko dei kan og brenn for!
- Foreldre må tørre å ta kontakt med kvarandre når dei ser noko dei lurer på, og dei må direkte med kvarandre når det har skjedd ting på skulen, ikkje berre via lærar.
- Barn må få leike på tvers av klassar, kanskje blir det tryggare for dei minste da? Dei større barna kan vekse på å vere førebilete for dei mindre, og dei mindre har noko å strekke seg etter.
- Nokon plassar er det lett å sleppe barna ut aleine, andre plassar ikkje. Trafikkbilete og om det bur andre barn i nærleiken har mykje å seie. Alder på barna er sjølvsagt ein viktig faktor.
- Forldre kan vere engstelege for kriminalitet, ein høyrer så mykje forskjellig i media, men generelt har samfunnet blitt tryggare dei siste tiåra. Kriminaliteten har gått ned. Her i Gloppen har vi lite kriminalitet, og lite å vere redde for når det gjeld dette.
- I utforming på leikeplassar er det mykje fokus på tryggleik. Det må framleis vere element som gjer det interessant å leike! NB: Natur er framleis lov, og ikkje regulert av leikeplassforskrift. Vi treng friområde til leik!
- Mange tilrettelagte tilbod på fritida gir lite plass til fri leik. Tør vi sette grenser for deltaking?
- Kva med ein felles regel om ingen organisert fritidsaktivitet før 3. klasse? Open hall ein gong i veka i staden? Då kan det vere mange «ledige» vaksne som kan bidra i ein «god, gamaldags allidrett». Samtidig slepp familiane tidspress og turneringar i helgane.
- Fleire barn blir køyrt til skulen no enn før. Kan vere grunna utrygg skuleveg, men også mange som bur i trygg gangavstand blir køyrt. Kvifor? Skulevegen er ein god arena for spontan leik. Kan vi innføre «køyrreregler for køyring til skulen»? Og oppfordre til å gå?

Skjermbruk

- Vi må ta inn over oss og bruke oppdatert kunnskap, vi veit meir om konsekvensar av skjermbruk no enn for nokre år sidan.
- Problema må tas på alvor: Til dømes barn som ikkje kan å leike!
- Er vi vaksne gode førebilete? Foreldre sin mobilbruk heime. Legge vekk mobilen når ungene er der! -Ungene ser kva du gjer.
- Det som er vanedannande for barn er også vanedannende for vaksne
- Mange barn får smarttelefon veldig tidleg, går dette ut over norsk lov og barnekonvensjonen: retten til ein trygg og god oppvekst?
- Alle kan bli betre på å snakke med ungane om kva dei gjer på nett.
- Å redusere skjermbruk handler mykje om å «gidde». Skjerm er ei enkel løysing både for foreldre og skule.

- Skjermbruk på SFO: Endring er vedtatt kjem, men det tar litt tid å innføre.
- Barn må lære seg å gjere avtaler om å møtast utan å gjere det via skjerm. Vi vaksne må hjelpe dei til å lære det, og å lære å gå ut utan mobilen.
- Når barn besøker kvarandre heime bør vi kunne forvente aktivitet utan skjerm. Foreldre må snakke i lag om dette, og sette nokre grenser.
- Skjermtid: frå «alle andre får lov», til «alle andre har grense».
- Fritidsaktivitetar kan vere mobilfrie, barna må venne seg til å ha tryggleik der dei er, med dei vaksne som er der.
- Vi trenger ein brei kommunal forankring for å skape endring, ikkje berre i skule og barnehage.
- Det trengs ein landsby for å oppdra eit barn, men landsbyen må oppdras først!
- Skjerm kan vere positivt når ein har eit mål med skjermbruken, lese og skriveopplæring td, og når vi foreldre gjer det i lag med barna.
- Skjerm mellom baby og foreldre er aldri bra, babyen får ikkje den responsen han treng.
- Måltid i skulen, ser ungane på skjerm? Kvifor? Gjer dei det heime og er vant til det?
- Vi kjemper mot store teknologiselskaper, ein krig vi er dømt til å tape! Vi må lage arenaer der vaksne møtast og snakkar i lag også. Vi må snakke i lag, ikkje grave oss ned i ekkokammer på nett. -Dette handlar om kva slags samfunn vi vil ha, og korleis vi skal ta vare på demokratiet!
- Relevante bøker:
 - «Stjålet fokus» av Johan Hari.
 - «Generasjon Angst» av Jonathan Haidt
 - «Skjerm Barna» av Maja Lunde

Om å nå ut med bodskapen:

Det er eit felles ansvar å «oppdra landsby» og foreldre: Vi som er her i kveld har eit spesielt engasjement for dette, og er stort sett einige. Korleis få ut ny kunnskap til alle, også dei som ikkje er så opptatt av temaet? Korleis kan vi stimulere til samtale i det offentlege rom?

- Ein del foreldre har blitt meir bevisste etter Maja Lunde-foredraget. Vi må halde temaet varmt. Skjermvettreglane ho presenterte kan vere nyttige.
- Det er bra med felles arena som dette møtet, der vi kan få kunnskap, diskutere og lære av kvarandre. Det gjer oss meir bevisste.
- Vi vil gjerne ha fleire diskusjonskveldar, og fleire relevante foredrag gjennom Verda og vi. Sjølv om dei som kjem kanskje er dei som kan mest og er mest engasjerte i temaet frå før, er det nyttig å samlast og snakke om kva vi kan gjere.

Det er viktig å ha arena for dei som er engasjerte, så kan kanskje engasjementet spreie seg etter kvart.

- Vi som er her i dag kan skape endring, for vi kjenner mange og kan vere med å starte endringa. Entusiast-nettverk:)
- Vi kan ikkje gjennomføre store endringar på kort tid, vi må ha kontinuerleg fokus på verdien av fri, eigenstyrt leik. Vi må alle vere med å involvere oss, og seie kva vi tenkjer.
- «Tema på foreldremøte-problematikken»: Det er alltid nokre som ikkje kjem. Nokre møte bør vere obligatoriske, med ei tydeleg forventning om at ein av foreldra møter opp.
- Mange foreldre ønsker og treng tydelege køyrereglar for skjermbruk: «Dette er det vi ønsker og anbefalar!» helsing helsestasjon eller oppvekst etc. - Noko konkret som kan kommuniserast i alle kanalar: helsestasjon, skule, barnehage...
- Vi kan legge ut samandrag av Haidt-boka.
- Unngå peikefinger/moralisering.
- Universelle kampanjar for kunnskapsheving, og å peike på mogelege samanhengar:
 - o Mentale konsekvensar av for lite sosial trening (Auke i 20-24-åringar utanfor arbeidslivet. Dette er dei som har vakse opp med smart-telefon. Vi bør vere bekymra for den skaden som for lite fri leik kan føre til. Ikkje alle skader synes så godt.)
 - o Konsentrasjon går ned, barna er vant til skjermen som gir rask respons/belønning.
 - o Barn er dårlegare på å leike, og det er meir konflikt i skule og barnehage
 - o Samanhengen mellom skjerm og søvn mangel (og energidrikk)
- Viktig å hugse på at det går an å vere ueinige! (Vi som er her i kveld er nok veldig einige.) Vi må tørre å gå inn i debatter. Vi må også lære barna å seie kva dei meiner, og å stå for noko. Det er ikkje så farleg å vere ueinige, det er viktig lærdom for den enkelte og for «landsbyen».